

4

Norsk maalsoga for skule og heim

- a digital facsimile edition from *Project Runeberg*

<http://runeberg.org/maalsoga/0004.html>

— 4 —

maalet. Det norske maal er daa det same som *talemaalet* omkring i bygderne. No veit me at dei talar ikkje like eins i alle bygder. Dei talar annarleis i Nordland enn i Trøndelag, og annarleis paa Heidmarki enn i Sogn. Der er endaa skilnad i talen millom tvo grannebygder eller millom tvo grender i same bygdi. Det er dette me kallar maalføre-skilnad, og me segjer at det norske maal vert tala i *maalføre* eller *bygdemaal*. — Men alle bygdemaali vaare er *norske*, det vil segja: i det store og heile hev dei *den same byggnaden*, som skil deim ut fraa alle andre maal. Me tek ei liti setning til eit døme. Naar me skriv: *ho budde paa ei liti øy*, so kann dei uttala dette paa mange maatar i maalføri; ein trønder vil segja: *ho budde paa i lita øy*; ein sogning: *ho budde paa ai liti øy*; ein rogalending: *lu budde paa ei lidaa øy*; ein heidmarking: *lu budde paa i lita øy*; men det finst ingi bygd i Norig der dei vilde segja: *hunn boede paa en liden ø*, som er d a n s k. Fornerne *budde*, den burtfaldne *n* i *ho* og *ei*, og tviljoden *øy* høyrer nettupp med til dei serskilde *norske* maalmerke.

Slik som det er i norsk med dette, er det ogso i andre livande maal. Dei vert alle tala i maalføre, og mange stader (t. d. Sverike) er skilnaden millom maalføri større enn hjaa oss.

Naar dei i eit folk tek til aa skriva sitt eige maal, er det naturlegt at dei fyrst vil koma til aa skriva paa bygdemaali. Men naar opplysningi stig, og torvi til eit *bokrike* kjem upp, daa kjem ogso kravet um eit *sams bokmaal*, som er likt for alle. Dette bokmaalet maa daa hava ei stod og tydeleg form, so alle folk kann verta kjende med det. Dei same ordi maa stendigt hava same hamen og verta bruka med same meining. Eit slikt bokmaal syner daa fram det aalmenne og